

# Referat SU møte Bygstad skule

**Stad: Bygstad skule**

**Dato/tid: 27.01.25 19:00-19:40**

**Til stades: Stian Neset, May-Linn Hellebust, Ida Kårstad Følid, Anne Lilleaasen, Jeanette Haugsbø (teams), Ingeborg Grinde (referent)**

## 1. Gjennomgang elevundersøking og nasjonale prøver ved Stian

- Bygstad skule gjennomfører undersøkingar og prøver som er standardar i Sunnfjordskulane:
  - o Spekter for elevar 3.-6. trinn (nyttar Sosiogram vidare om det er noko som skil seg ut og som må takast tak i)
  - o Nasjonale prøvar for 7. trinn
  - o Conexus blir gjennomført i mars for 5. og 6. trinn. Denne går meir på det psykososiale
- Skulen har ressursar til å sette inn der det trengs etter elevundersøkinga i 7. trinn
- Gode resultat både fagleg og psykososialt
- God score samanlikna med nasjonalt snitt, engelsk, lesing. Rekning veldig bra. Skulen jobbar målretta for å ha færrest elevar på nivå 1 og låg 2 nivå
- Suksessfaktorar for gode resultat: elevtal-fordel med små klassar, trygge og dyktige tilsette, vurdering for læring (undervegsvurdering), godt samarbeid skule heim. Godt samarbeid mellom trinna og innad i kollegialet.
- Framover vil skulen fokusere på bevaringspunkt og utviklingspunkt, og spisse tilpassa opplegg enno meir for alle elevane.
- To pedagogar er i gong med opplæring innan KI, for å integrere dette på ein god og nyttig måte i undervisninga.

## 3. Oppdatering frå Sunnfjord kommune

- Ser igjen elevar frå Bygstad i Ungdomsrådet i Sunnfjord kommune. Engasjerte ungdommar som er gode representantar frå Bygstad
- Kommunen og politikarar har fokus på korleis utviklinga har vore etter korona, om det er naudsynt med generelle tilpassingar.
- Det er ein krevjande prosess i kommunen med tilpassing av skulestruktur for å forberede seg på lågare elevtal i komande år. Kommunen jobbar breitt og målretta for å finne løysingar som held seg i mange år framover der det trengs å gjere endringar. Det er sett i gang omstillingskurs for einingsleiarar. Vanskeleg prosess og grep må gjerast. Stort engasjement i kommunen i saka.
- Ny ressursmodell frå Sunnfjord kommune/staten i 2025. Sist endra ved kommunesamanslåinga «Førde-modellen». Ny modell baserer seg meir på tal elevar.

- Anne spør korleis tilbodet med Helsesjukepleiar fungerer. Bygstad skule er kjempeheldige, godt nøgde, men kunne gjerne hatt ein heil dag til. Skulen har i dag 1 dag i veka med helsesjukepleiar på skulen.

#### 4. Oppdatering kva FAU jobbar med ved Bygstad skule

- Oppgradering og utvikling av uteområdet på skulen,
- Vi jobbar med arrangement for heile bygda der vi feirar at skulebygget er 25 år og «nyttar høvet» til å samle inn midlar frå lokale stiftingar, bedrifter og private.
- Anne oppfordrar FAU til å undersøke om det er fleire aktivitetsmidlar enn midlar frå ungdomsrådet vi kan søke midlar frå.